

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 22.10.2019  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Ingvild Braut  
**SAKA GJELD:** **Oversikt over høyringar - oktober 2019**  
**ARKIVSAK:** 2019/5283  
**STYRESAK:** 106/19  
**STYREMØTE:** 07.11.2019

### Administrerende direktør si orientering pkt. 3

| Dato for brev | Saka gjeld                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Høyringsfrist                | Status                               |
|---------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------|--------------------------------------|
| 27.05.19      | <p>Høyring - NOU 2019:10 Openheit i grenseland</p> <p>I samråd med Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet sender Helse- og omsorgsdepartementet på høyring NOU 2019: 10 Openheit i grenseland - Bilete, film og lydopptak i helse- og omsorgstenesta, barnevernet, skulen og barnehagen.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Høyringsfrist:<br>01.10.2019 | Høyrings svar<br>er sendt            |
| 03.06.19      | <p>Høyring – NOU 2019: 5 Ny forvaltningslov</p> <p>Forvaltningslovutvalet vart oppnemnd 23. oktober 2015 for å gjere eit samla ettersyn av gjeldande forvaltningslov og tilgrensande ikkje lovfesta forvaltningsrett. Utvalet vart bedne om å utarbeide ei forståeleg og praktikabel lov som sikrar rettstryggleiken og tillita til forvaltinga, samstundes med å leggje til rette for ein god og effektiv sakshandsaming. Det vart i mandatet òg lagt vekt på at ein ny lov bør leggje til rette for å digitalisera saksarbeidet og ta omsyn til at lova skal nyttast på ei rekkje ulike område og tilpassast ulike formar for organisering av offentleg verksemd.</p> | Høyringsfrist:<br>02.12.2019 | Høyringsbrev<br>er sendt til<br>HF-a |

| Dato for brev | Saka gjeld                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Høyringsfrist                | Status                               |
|---------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------|--------------------------------------|
| 20.06.19      | Høyring - Nasjonal rettleiar for akutthjelparar<br><br>Oppdraget fylgjer opp tilrådingane frå Akuttutvalet NOU 2015:17 «Først og fremst»                                                                                                                                                                                                              | Høyringsfrist:<br>16.09.2019 | Høyringssvar<br>sendt                |
| 20.06.19      | Høyring - Forslag til endringar i pasientskadelova og føresegn til lova - endringar i tilskotsordninga for privat helseteneste<br><br>Departementet føreslår endring i pasientskadelova, med ynskje om ein meir effektiv innkrevjing. Grunnlaget er tvang for innkrevjing av tilskot frå privat helseteneste.                                         | Høyringsfrist:<br>01.10.2019 | Høyringssvar<br>vart ikkje<br>sendt  |
| 20.06.19      | Høyring - NOU 2019: 14<br>Tvangavgrensingslova – Forslag til sams reglar om tvang og inngrep utan samtykkje i helse- og omsorgstenesta                                                                                                                                                                                                                | Høyringsfrist:<br>16.12.2019 | Høyringsbrev<br>er sendt til<br>HF-a |
| 27.06.19      | Høyring - rettleiar om helsetenester til arrestantar i politiarrest<br><br>Føremålet med rettleiaren er å gje informasjon og tilrådingar om helse- og omsorgstenestetilbodet til arrestantar i politiarrest. Rettleiaren skildrar sentrale ansvarstilhøve og gjer spesifikke råd knytt til utfordringar.                                              | Høyringsfrist:<br>01.10.2019 | Høyringsbrev<br>er sendt til<br>HF-a |
| 01.07.19      | Høyring – NOU 2019:9<br>Frå kalveskinn til datasjø – Ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv<br><br>Arkivlovutvalet vart oppnemnd 1. september 2017. Utvalet hadde i mandat å gjennomarbeide arkivlova og arkivsegna. Utvalet tilrår ein ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiv, der denne erstattar gjeldande arkivlov.                           | Høyringsfrist:<br>02.12.2019 | Høyringsbrev<br>er sendt til<br>HF-a |
| 01.07.19      | Høyring - Rettleiar til blodføreseгна<br><br>Rettleiaren vil saman med blodføreseгна halde fast på god og einskapleg praksis for transfusjonstenesta i Noreg. Rettleiaren inneheld særlege tilrådingar til praktisk og medisinskfagleg arbeid i blodbankar. Dette er meint som eit reiskap for å nå forsvarleg og god kvalitet i transfusjonstenesta. | Høyringsfrist:<br>01.10.2019 | Høyringsbrev<br>er sendt til<br>HF-a |

| Dato for brev | Saka gjeld                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Høyringsfrist                | Status                         |
|---------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------|--------------------------------|
| 05.07.19      | <p>Høyring – Føreskrift om spesialistgodkjenning for sjukepleiarar med graden mastar i avansert klinisk allmennsjukepleie</p> <p>Føremålet med spesialistgodkjenninga er å styrka kompetansen i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Sentralt er behovet til kommunane for ein styrka klinisk breiddekompetanse. Med innføringa av spesialistgodkjenninga vert det gitt eit tydeleg signal om at sjukepleiarar med denne kompetansen er ein viktig ressurs i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.</p> | Høyringsfrist:<br>01.10.2019 | Høyringsbrev er sendt til HF-a |
| 08.07.19      | <p>Høyring - Tilgjengeleggjering av helsedata</p> <p>Forslaga gjeld tilgjengeleggjering av helseopplysningar og andre helsedata i helseregister til bruk i statistikk, helseanalysar, forskning, kvalitetsbetring, førebuing, styring og vernebuing for å fremje helse, førebyggje sjukdom og skader og gje betre helse- og omsorgstenester.</p>                                                                                                                                                                | Høyringsfrist:<br>04.11.2019 | Høyringsbrev er sendt til HF-a |
| 01.08.19      | <p>Høyring - ny versjon av Norm for informasjonssikring og personvern i helse- og omsorgssektoren, versjon 6.0</p> <p>Med bakanforliggjande ny lovgjeving, teknologisk utvikling og einskilte hendingar med stor merksemd, har det i dei seinare år vorte auka fokus på personvern og informasjonssikring i helse- og omsorgssektoren. Oppdatert rettleiing og ein modernisert Norm for informasjonssikring og personvern er no på høyring.</p>                                                                 | Høyringsfrist:<br>01.11.2019 | Høyringsbrev er sendt til HF-a |
| 23.08.19      | <p>Høyring - endringar i akuttmedisinføreskrifta og fleire føreskrifter som gjeld allmennlegetenesta</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet sender på høyring forslag til endringar i akuttmedisin-føreskrifta og fleire føreskrifter som gjeld allmennlegetenesta.</p>                                                                                                                                                                                                                                          | Høyringsfrist:<br>19.11.2019 |                                |

| Dato for brev | Saka gjeld                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Høyringsfrist                | Status                         |
|---------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------|--------------------------------|
| 02.09.19      | <p>Høyering – forslag til ny, heilskapleg språklov</p> <p>Føremålet med framlegget er å lovfeste statusen til norsk språk og å definere statusen til samiske språk, norsk teiknspråk og andre språk som staten etter internasjonale avtalar har eit ansvar for. Føremålet er også å slå fast det ansvaret det offentlege har for dei nemnde språka. Kulturdepartementet føreslår å vidareføre dei fleste av reglane i mållova, men innanfor rammene til forslaget til språklov. Nokre reglar blir etter forslaget justerte, andre blir presiserte.</p> <p>Forslaget inneheld også ein klarspråksparagraf, som krev at det offentlege brukar eit klart og mottakarretta språk. Departementet føreslår òg å stille krav om at statsorgan skal ha namn på norsk som fylgjer offisiell rettskriving.</p> | Høyringsfrist:<br>15.11.2019 |                                |
| 16.09.19      | <p>Høyering – ny studieplan for bachelor i sjukepleie ved Høgskulen på Vestlandet</p> <p>I Meld. St.13 (2011–2012) «Utdanning for velferd – Samspel i praksis» vart det konkludert med at det er trong for ei betra styring på nasjonalt nivå for å styrke kvaliteten og relevansen i helse- og sosialfaglege grunnutdanningane på universitets- og høgskulenivå.</p> <p>Studieplanen skal implementerast frå og med opptak til studieåret 2020/2021.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Høyringsfrist:<br>18.10.2019 | Høyringsbrev er sendt til HF-a |
| 20.09.19      | <p>Høyering - Forslag til endringar i HMS-regelverket for petroleumsverksemda og enkelte landsanlegg</p> <p>Miljødirektoratet og Petroleumstilsynet sender forslag til endringar i fleire forskrifter i HMS-regelverket.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Høyringsfrist:<br>30.10.2019 |                                |
| 18.10.19      | <p>Høyering – Endringar i føreskift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Høyringsfrist:<br>01.12.2019 |                                |

| Dato for brev | Saka gjeld                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Høyringsfrist                | Status |
|---------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------|--------|
| 22.10.19      | <p>Høyring - Tiltak for å styrke legemiddelberedskapen - Forslag til endringer i legemiddellova og apoteklova</p> <p>Forslaget gjev heimelgrunnlag for å kunne pålegge apotek og grossist restriksjonar ved utlevering, sal og eksport av legemiddel ved fare for eller ved ein etablert mangelsituasjon. Departementet foreslår òg at grossistane og apoteka blir gitt ei plikt til å gje Legemiddelverket elektronisk tilgang til lagerstatus. I tillegg inneheld forslaget heimel for å kunne ilegga gebyr ved brot på fleire av handlingsnormene som blir omfatta av forslaget.</p> | Høyringsfrist:<br>02.01.2020 |        |